

# Kriterier - Fjellam frå Ryfylke

(samanfatta av arbeidsgruppa 1. februar 2017 på bakgrunn av innspel frå drøftingsmøtet 26. februar. Kriteriene er vedtatt av stiftingsmøtet 21. mars)

For å kunne levera lam til «Fjellam frå Ryfylke» må ein:

- Følgje norske lover, forskrifter og forordningar gjeldande for sauehald. Produsentane må ha godkjent KSL, og bør vera med i sauekontrollen.
- Kunne dokumentera/-skrive under på at lamma beiter på utmarksbeite i heiane i Ryfylke i minst 8 veker. Beitet skal vera av ein slik kvalitet at lamma ikkje skal medisinerast/-snyltarbehandlast frå heilagang til slakting. Beiteområdet skal i hovudsak vera over 500 m.o.h.
- Levera lam i slakteklasse O+ eller betre, med maksimum 3+ i feitt, og som er større enn 16 kg.
- Lamma bør slaktast innan 14 dagar frå sanking, og seinast 3 veker etter sanking. Det skal ikkje vera slutføring på kraftfôr.
- Forplikta seg til leveranse av lam for tre år om gongen, og kunne melde inn omlag kor mange lam i byrjinga av kvart år.